



Arkivnr: 2018/10507-1

Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		31.05.2018

### Tilleggsføring til Regionale Etablerarfond 2018

#### Samandrag

Under handsaminga av PS 55/2018 «*Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-2019*» vedtok fylkesutvalet å setja av 3 mill. kroner til dei regionale etablerarfonda. Desse midlane er fordelte til samarbeidspartnarar slik at Sunnhordland får 594 000 kroner og Hardanger får 438 000 kroner. Bergensregionen, dvs. Hordaland fylke utanom Sunnhordland og Hardanger, får tilgjengeleg 1 968 000 kroner. På grunn av stor etterspurnad er mest alle midlane til Bergensregionen allereie delt ut til nyetablerte verksemder i Askøy, Austrheim, Bergen, Fedje, Fjell, Fusa, Gulen, Masfjorden, Lindås, Meland, Modalen, Os, Osterøy, Radøy, Samnanger, Sund, Vaksdal, Voss og Øygarden.

Denne saka gjeld ei tilleggsføring på 1 mill. kroner til Regionale Etablerarfond 2018. Det vert foreslått at føyvinga skal finansierast med overføring av 1. mill. kroner frå regionalavdelinga sitt LUK-fond

**Økonomi:** Ingen effekt på driftsresultat, lånegjeld og disposisjonsfond

**Klima:** Ingen effekt på klimaet

**Folkehelse:** Tiltak som bidrar til nye arbeidsplassar er viktig for folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Dei regionale etablerarfonda bidrar til å «*auke nyetablering og framtidsetta verdiskaping i næringslivet*», som er ein av strategiane knytt til hovudmålet om «*Høg sysselsetjing*».

#### Forslag til vedtak

Den økonomiske ramma for dei Regionale Etablerarfonda 2018 vert utvida med 1. mill. kroner. Løyvinga vert finansiert med overføring frå regionalavdelinga sitt LUK-fond.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Etablererfond Bergensregionen 2018 – status 23.04.18

#### Fylkesrådmannen, 07.05.2018

## Bakgrunn

Fylkesutvalet vedtok i sak 55/2018 den 22. februar 2018 å vidareføra ordninga med tre regionale etablerarfond. Den totale ramma for fonda er på 3 mill. kroner for 2018. Dette er ein reduksjon på 1. mill. kroner frå 2017. Fordelinga mellom regionane er som følgjer:

Region	Kommunar	Sum
Etablerarfond for Sunnhordland	Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes	594 000
Etablerarfond for Hardanger	Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik	438 000
Etablerarfond for Bergensregionen	Askøy, Austrheim, Bergen, Fedje, Fjell, Fusa, Gulen, Masfjorden, Lindås, Meland, Modalen, Os, Osterøy, Radøy, Samnanger, Sund, Vaksdal, Voss og Øygarden.	1 968 000

Det regionale etablerarfondet skal nyttast som eit målretta tilskot på inntil 50.000 kroner til ny-etablerte verksemdar. Tilskota skal vera i tråd med nasjonale og regionale retningslinjer, og målsetjinga er å få til ei offensiv satsing på nye gründerverksemdar. Fonda vert forvalta av regionråda gjennom Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS, Hardangerrådet IKS og Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

### Status for etablerarfonda

Status for det største etablerarfondet, Etablerarfondet for Bergensregionen, viser at midlane som er sett av i 2018 i praksis er nytta. Det står att 160.819 kr som ikkje er løyvd. Samstundes er det 12 søknadar som ikkje er handsama. Med 50.000 pr. søknad så vert det 600.000 kroner. Det gir ein manko på innkomne søknadar på om lag 450.000 kroner. I tillegg er det registrert inn 40 søknadar frå slutten av februar og fram til mai som ikkje er sendt inn. Det er venta fleire søknader i dei resterande åtte månadene av 2018.

### Fylkesrådmannen si vurdering

Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) var ei satsing finansiert av Kommunal- og moderniseringsdepartementet frå 2010 til 2014. Formålet var å styrke fylkeskommunen si rolle som aktiv rådgjevar og støttespelar for kommunar med utviklingsbehov. I Hordaland vart denne satsinga gjennomført med noko lågare kostnader enn planlagt, og unyttar midlar er sett på fond. Status pr. 1.1.2017 viser at det var bunde opp 2.137.000 kroner i LUK-fondet.

I Budsjett 2018 – Regional går det fram at det skal fremjast sak til fylkesutvalet om nye tiltak knytt til bruken av LUK-fondet. Fylkesrådmannen meiner ei tilleggsøyving til dei regionale etablerarfonda er fornuftig bruk av desse midlane. Det er også i tråd med formålet knytt til den opphavslege satsinga på lokal samfunnsutvikling i kommunane.